

KOMMUNEDELPLAN FOR VIGRESTAD SENTRUM PLANPROGRAM

Vedteke 16. juni 2022, KS-sak 042/22



ME LØFTER I LAG

INNHALD

4	Kort fortalt
6	Kva framtid ønsker me?
6	Eit attraktivt sentrum
7	Korleis kan du delta i arbeidet?
8	Kva må me ta omsyn til?
8	Historie
10	Forventa utvikling
10	Andre planar
12	Berekraft
13	Overordna føringar
14	Sentrumsplan for Vigrestad
14	Målet med planarbeidet
15	Planområdet
16	Kva tema vil me arbeida med?
24	Korleis skal arbeidet føregå?
24	Opplegg for medverknad
25	Planlagd framdrift
26	Krav til planarbeidet
26	Overordna føringar






KORT FORTALT

Sentrumsplanen skal leggja rammer og mål for den fysiske utviklinga av Vigrestad sentrum som lokalsentrum i åra framover. Gjennom arbeidet med planen skal det utformast nye rammer for ei ønskt sentrumsutvikling. Planarbeidet skal vera ope og tilgjengeleg med moglegheiter for medverknad frå alle som ønsker å bidra til utvikling av Vigrestad sentrum.

Kommuneplanen, kommunen sitt øvste styringsdokument, peikar ut den langsiktige utviklinga i kommunen. På arealplankarta i gjeldande kommuneplan er det sett ei avgrensing for sentrumsområdet på Vigrestad. For å sikra at utviklinga og utbygginga i sentrum skjer på ein hensiktsmessig måte, er det behov for å utarbeida visjonar, mål og klare reglar og retningslinjer for utviklinga. Kommunestyret har vedteke at dette skal gjerast i form av ein kommunedelplan.



Kva er ein kommunedelplan?

Ein kommunedelplan kan gjelda for bestemte avgrensa område, tema eller sektorar. Det er kommunestyret som avgjer om det skal settast i gang arbeid med ein kommunedelplan der dette er hensiktsmessig. I ein kommunedelplan kan delar av planen gjerast juridisk bindande. Gjennom planprosessen må me ta stilling til kva for delar av den endelege planen som skal gjevast bindande verknad, og kva delar som skal vera retningsgjevande.

Kva er eit planprogram?

Eit planprogram er ei oppskrift for planarbeidet. Det inneheld forslag til korleis me vil laga den nye kommunedelplanen og korleis innbyggjarar og andre interessentar kan delta i arbeidet.

Når skal planen vera ferdig?

Sentrumsplanen for Vigrestad sentrum er planlagd å vera endeleg vedteken i 2024.

Innspelet kan sendast på e-post til vigrestadsentrum@ha.kommune.no

eller som vanleg post til

Hå kommune, Rådhusgata 8, 4360 VARHAUG.

Merk innspelet med "Vigrestad sentrum".

Me føreslår å leggja vekt på desse temaa i planarbeidet:



Stadsanalyse
og moglegheitsstudie



Identitet og visjon



Kulturmiljø og byggeskikk



Sentrumssoner



Opplevingar
og funksjonar i sentrum



Byrom og bygningar



Mobilitet, samferdsel
og parkering



Klimatiltak



Risiko- og
sårbarheitsanalyse
og konsekvensutgreiing

KVA FRAMTID ØNSKER ME?

EIT ATTRAKTIVT SENTRUM

Moglegheiter for kulturelle og sosiale opplevingar vil, saman med varehandel og ulike tenestetilbod, leggja til rette for eit attraktivt og triveleg sentrum. Sosiale treffpunkt og møteplassar gjev innbyggjarane fleire grunnar til å nytta sentrum. Di større mangfald, di fleire innbyggjarar vil kunna finna det attraktivt å opphalda seg der. Ein kombinasjon av funksjonar som utfyller kvarandre gjev aktivitet og liv i området, òg etter butikkane si opningstid.

Det er viktig at areala i sentrum er tilrettelagde for sosialt liv, med gode og trivelege møteplassar både ute og inne. Uteareala bør ha eit godt lokalklima, og vera godt tilrettelagde for mjuke brukarar. I tillegg er det òg viktig med god tilgjengelegheit for køyrande, men sentrum må ikkje bli dominert av trafikk og parkering. Eit sentrum der biltrafikken dominerer vil sjeldan opplevast attraktivt.



KORLEIS KAN DU DELTA I ARBEIDET?

Gjennom arbeidet med kommunedelplanen for Vigrestad sentrum kan du vera med på å forma framtida til Vigrestad.

Undervegs i arbeidet med kommunedelplanen er det lagt opp til fleire ulike moglegheiter for medverknad. Fyrste moglegheit er å koma med innspel i samband med varsel om oppstart og høyring av planprogrammet.

Her kan du koma med innspel til kva planen skal innehalda, og kva me skal gjera og utgreia i arbeidet med planen. Les meir om medverknad i kapittelet «Korleis skal arbeidet føregå?».

Innspel kan sendast på e-post til vigrestadsentrum@ha.kommune.no eller som vanleg post til

Hå kommune, Rådhusgata 8, 4360 VARHAUG.
Merk innspelet med "Vigrestad sentrum".



KVA MÅ ME TA OMSYN TIL?

I tillegg til lokale forhold legg både statlege og regionale myndigheiter føringar for kommunen si planlegging.

HISTORIE


Førsteleddet i namnet Vigrestad kjem truleg av det norrøne vigr, som tyder spyd. Nord for Vigrestad er det fleire gravhaugar frå jern- og bronsealderen, mellom anna Kipparhaugen og Mollhaugen. Mellom desse ligg det fleire gardsanlegg og meir enn 100 gravhaugar frå jernalderen.

Tettstaden Vigrestad oppstod som ein konsekvens av bygginga av Jærbanen mellom 1874 og 1878. Før jernbanen kom var det Hårr med lensmannsgarden som var det lokale knutepunktet. Etter kvart vaks det som skulle verta tettstaden Vigrestad opp rundt den nye jernbanestasjonen i utmarka til garden Voll. Jernbanen med både post-, person- og godstrafikk utgjorde livsnerva i det vesle samfunnet som hovudsakleg bestod av NSB-tilsette dei første åra. Ulike krambuer og verkstadar dukka opp, og området ved jernbanestasjonen vart eit naturleg sentrum for gardane rundt.

Utviklinga gjekk likevel seint dei første åra etter 1878. Etter kvart kom forsamlingshus og bedehus som overtok noko av den sosiale funksjonen som kyrkja tidlegare hadde hatt. Vigrestad meieri tok i mot den første mjølkeleveringa tidleg i 1888, og var då det einaste meieriet i Rogaland sør for Sandnes. Ved utgangen av 1902 var det om lag 64 personar, 13 hus, åtte handverkarar og fire handelsmenn i Vigrestad. Forbruksforeininga vart etablert i 1918.

Dei fleste nye husa på Vigrestad på 1920-, -30 og -40-talet kom i Subagata og den gamle Aniksdalsvegen som no heiter Langgata. Ei større tettstadsutvikling med omlegging av det gamle vegnettet og framveksten av dei første bustadfelt og industriområda tok ikkje til før 1950- og 1960-åra. Vinteren 1952-53 kom det nye meieriet i drift. Det gamle meieriet vart då seld til NSB, og seinare rive rundt 1960. Den opprinnelege stasjonsbygningen vart riven i 1953, etter at den noverande stasjonsbygningen vart teken i bruk vinteren same år. I 1955 vart Vigrestad skule bygd.





FORVENTA UTVIKLING

Tettstaden Vigrestad vaks i perioden 2011 - 2020 med 98 personar, frå 2417 til 2515. Etter siste prognose frå SSB skal folketalet veksa med om lag 60 personar fram til 2035. Ved behandlinga av planstrategien for perioden 2019 – 2023, vedtok kommunestyret å leggja denne prognosen til grunn i åra framover. Forventa bustadbygging i åra framover er om lag 15 bustadar per år på Vigrestad.

ANDRE PLANAR

Gjeldande kommuneplan for perioden fram til 2028, vart godkjend av kommunestyret den 17.12.2014. Parallelt med utarbeidinga av kommunedelplan for Vigrestad sentrum vert det utarbeidd ny kommuneplan. Denne vil leggja fleire viktige premiss som vil verta avklara undervegs i arbeidet med kommuneplanen. Den nye kommuneplanen er venta å verta vedteken i 2023. Arbeidet med kommunedelplan for Vigrestad sentrum og kommuneplanen må difor samkøyrast. Sentrumsplanen vil gjelda føre eksisterande reguleringsplanar i planområdet, der det er motstrid.



BEREKRAFT

I 2015 vedtok FN 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen består av 17 mål for å fremja miljømessig, økonomisk og sosial berekraft. Regjeringa har bestemt at denne skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane òg i Noreg.

Hå har utfordringar knytt til alle dei tre berekraftdimensjonane; miljø, økonomi og sosiale

forhold. Klimaendringane er alvorlege, det er forventa lågare økonomisk vekst, andelen yrkesaktive fell og ulikskapane i samfunnet aukar. Arbeidet med ny sentrumsplan for Vigrestad tek mål av seg å leggja til rette for at Hå kommune skal stå endå betre rusta til å løysa desse utfordringane.

Kommunestyret har peikt ut sju berekraftsmål som grunnlag for satsingsområde for Hå kommune.

Berekraftig matproduksjon



Hå kommune jobbar for å oppretthalda mattryggleiken og fremja berekraftig landbruk.

God helse



Hå kommune sikrar god helse og fremjar livskvalitet for alle, uansett alder.

God utdanning



Hå kommune sikrar inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremjar moglegheiter for livslang læring for alle.

Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling



Hå kommune byggjer solid infrastruktur og fremjer eit inkluderande, innovativt og berekraftig næringsliv.

Berekraftige stasjonsbyar og tettstader



Hå kommune har inkluderande, trygge og berekraftige stasjonsbyar og tettstader.

Handling mot klimaendring



Hå kommune handlar omgåande for å kjempa mot klimaendringane og konsekvensane av dei.

Me løfter i lag



Hå kommune har verkemiddel, partnerskap og samarbeid på tvers som sikrar ei berekraftig utvikling.

OVERORDNA FØRINGAR

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vert utarbeidd kvart fjerde år.

Forventingane skal sikra at kommunane tek omsyn til utfordringane i samfunnsutviklinga, og skal leggest til grunn i kommunen sitt arbeid med ny kommunedelplan.

Regjeringa legg vekt på at me står overfor fire store utfordringar:

1. å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
2. å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvalting
3. å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
4. å skapa eit trygt samfunn for alle

Regionale og andre overordna føringar er lista opp i kap. «Krav til planarbeidet».



SENTRUMSPLAN FOR VIGRESTAD

MÅLET MED PLANARBEIDET

Hå kommune har dei siste fem åra satsa på sentrumsutvikling i dei største tettstadane. I planstrategien for perioden 2020-2023 vedtok kommunestyret at det skulle utarbeidast ein kommunedelplan for Vigrestad sentrum. Målet med denne kommunedelplanen er å utforma eit godt styringsverktøy for utviklinga av eit attraktivt og livskraftig sentrum for Vigrestad og områda rundt.


Me har som mål å utarbeida ein plan med heilskaplege løysingar som legg til rette for ei arealeffektiv, kompakt og berekraftig sentrumsutvikling i tråd med gjeldande langsiktig arealstrategi. For at planen skal fungera som eit godt styringsverktøy, er det viktig at innbyggjarar og aktørar i sentrum kjenner eigarskap til planen. Difor er det viktig med ein planprosess med god medverknad.



PLANOMRÅDET

I gjeldande kommuneplankart er eit område nord-aust for stasjonen på Vigrestad sett av til sentrumsformål. Planavgrensinga for kommunedelplanen tek utgangspunkt i eit større område enn det som faktisk har dette arealformålet. Hensikta med dette er ikkje å utvida det definerte sentrumsområdet, men å sikra gode koplingar til omkringliggande bustadområde, turområde og andre funksjonar.

For tema som til dømes trafikk og grøntområde vil det vera naturleg å nytta analysar frå eit endå større område som gjev eit meir heilskapleg bilete av situasjonen i Vigrestad sentrum. Me skal ikkje utfordra langsiktig grense landbruk, sjølv om plangrensa ligg utanfor denne.





KVA TEMA VIL ME ARBEIDA MED?

I dette kapittelet vert sentrale problemstillingar som må behandlast i sentrumsplanen omtalt og aktuelle utgreiingsbehov skisserte. Fleire av problemstillingane er nært knytte til andre analysetema. Det kan difor vera aktuelt å vurderer fleire tema under eitt. I planprosessen kan det òg seinare koma opp nye tema som bør vurderast og utgreiast nærare.

Nokre vurderingstema er gjennomgåande. Folkehelseperspektivet, klimaverknadar og arbeidet for ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling må inngå i mange av vurderingane og utgreiingane som skal gjerast i det komande planarbeidet.


Me føreslår at følgande tema vert vurderte:

- Stadsanalyse og moglegheitsstudie
- Identitet og visjon
- Kulturmiljø og byggeskikk
- Sentrumssoner
- Opplevingar og funksjonar i sentrum
- Byrom og bygningar
- Mobilitet, samferdsel og parkering
- Klimatiltak
- Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og konsekvensutgreiing (KU)



Stadsanalyse og moglegheitsstudie

Ei god forståing av Vigrestad i dag, saman med kunnskap om kva som har bidrege til å forma tettstaden, gjev eit godt grunnlag for å planlegga eit sentrum for framtida. Gjennom ein stadsanalyse kan me tileigna oss god og systematisert kunnskap, og få klarlagt eventuelle utfordringar. Aktuelle tema i ein stadsanalyse kan vera landskap, klima, mobilitet, byrom, bygningsstruktur, utforming, fasadar, funksjonar og arealbruk. Ein moglegheitsstudie kan fungera som ei anbefaling til sentrumsplanen, syna potensiala i og eventuelle alternativ som finst for planområdet.



Identitet og visjon

For å skapa eit sentrum der folk kjenner seg heime og trivst, er det viktig å bygga vidare på Vigrestad sin identitet. Som elles i Hå har knytninga til landbruket og det særmerkte kultur- og naturlandskapet gjeve viktige bidrag i forminga av identiteten. Det må likevel klarleggast om ikkje andre faktorar òg har verka inn. Med identiteten i botn skal me så utarbeida ein visjon som vert retningsgjevande for utforminga av Vigrestad sentrum i framtida. Dette arbeidet må gjerast i form av prosessar med brei deltaking. Me må òg sikra god samanheng mellom visjonen for Vigrestad sentrum og kommunen sine overordna mål og visjonar.




Kulturmiljø og byggeskikk

Vigrestad vaks fram etter at Jærbanen vart bygd ut på slutten av 1800-talet. I dag er det få bygningar att frå den fyrste tida. Det kan likevel vera nyttig å knyta band tilbake i tida og vurdere om det er bygningar av arkitektonisk eller lokalhistorisk verdi, eller som er særskilt viktige for opplevinga av Vigrestad som bør vernast for ettertida. I tillegg vil det vera relevant å vurdere og synleggjera kvalitetar og moglegheiter for transformasjon, og vurdere korleis nye bygg kan tilpassast dei eksisterande.



Sentrumssoner

Det gjeldande kommuneplankartet definerer sentrumsområdet på Vigrestad. Heile dette området utgjer om lag 76 dekar. I tillegg ligg det inne eit framtidig sentrumsareal på om lag 14 dekar nord-aust for sentrum. Denne sentrumsavgreisinga i kommuneplanen er omtrent 4,5 gonger så stor som den funksjonelle avgreisinga, i følge tilstandsrapporten «Helsesjekk senterstruktur» utgiven av Rogaland fylkeskommune i 2015. I kommunedelplanen må me vurdere storleik, avgreising og funksjonsinndeling av sentrumsområdet.





Opplevingar og funksjonar i sentrum

Eit levande sentrum er ein stad for opplevingar, handel og varierte funksjonar. Difor ønsker me å leggja til rette for funksjonar som bustadar, møte- og opphaldsområde, ulike service- og kulturtilbod og detaljhandel så vel som moglegheiter for midlertidige aktivitetar og bruk av sentrum. Me vil vurdera kor desse funksjonane kan vera og kor stort areal dei treng. Gjennomføring av handelsanalyse kan bidra til vurderinga av dette. Me vil òg sjå på kva kvalitetar, krav og arealformål som kan støtta opp om eit levande og attraktivt sentrum.





Byrom og bygningar

For å skapa eit attraktivt sentrum må me planlegga for sosial samhandling og kvardagsopplevingar. Dette inneber å laga gode uterom i form av offentlege og halv-offentlege rom og gater. Me må difor definera kven sentrum skal vera for, og kva uterom og gater det er behov for. På bakgrunn av dette må me vurdere kva kvalitetar og krav som må stillast til uterom og gater, og sjå på korleis dei kan knytast saman i eit nettverk. Slik kan me fremja *god helse og livskvalitet*, og bidra til *inkluderande, trygge og berekraftige tettstadar*. Me må òg vurdere utnyttingsgrad, byggehøgder, og estetisk utforming, og vurdere dette i høve menneskeleg skala. Vidare må plassering av bygningsvolum og funksjonar i høve uteromma òg vurderast.





Mobilitet, samferdsel og parkering

Mobilitet handlar her om korleis innbyggjarar og andre flyttar seg i, til og frå sentrum. Me må vurdere korleis me kan leggja til rette for miljøvennlege transportval på Vigrestad. Eit attraktivt og berekraftig sentrum må vera tilrettelagt for alle brukargrupper. Me må sikra trygt og godt framkome for både gåande, syklande, køyrande og kollektivtransport. Ingen av brukargruppene må verta ekskluderte på kostnad av andre. Me må foreta analysar av trafikk av mjuke og harde trafikantar i og rundt Vigrestad sentrum, og langs viktige hovudvegar. Dette inkluderer vurdering av parkeringsløyser for sykklar og bilar. Vidare må me òg vurdere om gang-, sykkel- og vegnettet er tilstrekkeleg i høve den forventa framtidige utviklinga på Vigrestad og områda rundt. I tillegg må me kartlegga kva koplingar som finst, eller manglar, for gåande og syklande mellom viktige målpunkt i og rundt Vigrestad.



Klimatiltak

Eitt av dei vedtekne satsingsområda for Hå er å stoppa klimaendringane. Me skal rusta samfunnet for å stå imot og tilpassa seg klimaendringane. Etter flaumen i 2014 er det gjort fleire klimasikringstiltak på Vigrestad. Likevel vil me sjå om det er behov for fleire tiltak, som til dømes blågrønn faktor, som òg kan bidra til eit attraktivt sentrum.



Klima handlar òg om nedbør, sol og vind. Kor utsette uterom er for vind har òg mykje å sei for bruken. Det same har det å seie kva tid det er sol. Sol på ulike tidspunkt kan vera ein kvalitet. Difor vil me òg sjå nærare på grep som gjev ly og le frå vinden og gode solforhold i uterom.



Risiko- og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing

Risiko handlar om sannsynet for at ei uønskt hending skal oppstå og kva konsekvensar ho kan ha. Sårbarheit handlar om kor mykje utbyggingsformålet toler og kor fort det kan gjenopprettast. I ROS-analysen skal me kartlegga kva uønskte hendingar som kan oppstå i eksisterande situasjon, eller som følge av planlagde tiltak. I analysen føreslår me tiltak som kan redusera risikoen for uønskte hendingar. Ei konsekvensutgreiing beskriver kva verknadar planlagde tiltak kan få for til dømes miljø, natur, kulturminne eller samfunn. Utgreiinga kan gjera at me må endra dei planlagde tiltaka eller vurdere andre alternativ. Ho kan òg beskriva kva tiltak som må gjerast for å betre ta omsyn eller redusera negative verknadar av planen. Tiltaka som vert føreslegne i ROS-analysen og konsekvensutgreiinga vert forankra i planen.



Lovverket set krav til gjennomføring av både risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) og konsekvensutgreiing (KU) i planarbeid av dette omfanget, jamfør plan- og bygningslova § 4-3 og forskrift om konsekvensutredninger § 6. Me vil nytta metoden til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» og Statsforvalteren si sjekkliste for uønska hendingar i ROS-analysen. Konsekvensutgreiinga vil me gjennomføra i samsvar med Miljødepartementet sine rettleiarar «Konsekvensutredninger, kommunens arealdel», og «Konsekvensutredning for klima- og miljø». Alle konsekvensutredningstema i KU-forskrifta § 21 vil verta vurderte og fleire av dei kan bli vurderte saman då utgreiinga er på eit overordna plannivå.



KORLEIS SKAL ARBEIDET FØREGÅ?

OPPLEGG FOR MEDVERKNAD

Medverknad bidreg til å auka kvaliteten på, og gjev legitimitet til planane våre. I arbeidet med kommunedelplan for Vigrestad sentrum vert det lagt opp til ein allsidig prosess med brei deltaking i planarbeidet. Kommunen har eit særskilt ansvar for å sikra at alle, inkludert marginaliserte grupper, vert involverte og får moglegheiter til å delta i planarbeidet. Det vil kunna vera aktuelt å invitera grupper som til dømes barn og unge, interesseorganisasjonar, frivillige organisasjonar og næringsliv til eigne medverknadstiltak.

Kva som er hensiktsmessige medverknadsmetodar for ulike tema og grupper vil verta vurdert i arbeidet.

Gjestebodsmodellen vil verta nytta, i tillegg til andre medverknadstiltak som til dømes verkstadar, folkemøte, opne kontordagar og barnetråkk.

Ein god planprosess føreset ei tverrfagleg tilnærming, og interne og eksterne fagmiljø vil verta inviterte til deltaking og orientering om planarbeidet ved behov. Kommuneplanutvalet vil verta orientert og invitert til aktiv deltaking tidleg i arbeidet. Før høyring vil planforslag verta lagt fram for drøfting i regionalt planforum. Alle innspel og resultat frå medverknadstiltaka vil vera ein del av det samla kunnskapsgrunnlaget, men alle innspel vil naudsynlegvis ikkje verta ein del av planen.

PLANLAGD FRAMDRIFT

Planstrategi 2019-2023
Juni 2020

OPPSTART OG PLANPROGRAM

Oppstartsvarsel & planprogram (høyring)
Januar 2022 - Mars 2022

Planprogram (fastsetting)
Våren 2022

UTARBEIDA PLANFORSLAG

2022 - 2023

- Utgreiingar
- Avklaringar
- Medverknad
- Behandla arealinnspel

POLITISK BEHANDLING

2023 - 2024

Førstegangsbehandling
Hausten 2023 - Vinteren 2024

Formell høyring
Våren 2024

Andregangsbehandling
Hausten 2024

Endeleg vedtak
Hausten 2024

Verkstad

Gjestebod

Barnetråkk

Medverknad!



Om framdrifta

Utarbeiding av ein ny kommunedelplan er eit arbeidskrevjande arbeid. Plan- og bygningslova set krav til planbehandlinga slik at planleggprosessen strekk seg over ein lang periode. Framdriftsplanen legg til grunn at planprogrammet skal vera ferdigbehandla i løpet av våren 2022. Resten av 2022 og heile 2023 går med til utgreiingar og arbeid med planforslaget. Etter høyring og offentleg ettersyn våren 2024 er målet at planen skal vera endeleg vedteken hausten 2024.

KRAV TIL PLANARBEIDET

Kommunedelplanarbeidet skal utarbeidast i tråd med Plan- og bygningslova (pbl) kap. 11. Utgreiingskrava kjem fram i pbl kap. 4. Nasjonale og regionale føringar som skal leggst til grunn for arbeidet er lista opp under.

OVERORDNA FØRINGAR

- [Nasjonale forventinger til regional og kommunal planlegging 2019-2023 \(Kongelig resolusjon 14. mai 2019\)](#)

Statlege planretningslinjer (SPR) og føresegner (SPB)

- [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen \(2021\)](#)
- [Regionalplan for klimatilpasning i Rogaland 2020-2050](#)
- [Statlige planretningslinjer for klima- og energi-planlegging og klimatilpasning \(2018\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging \(2014\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen \(1995\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag \(1994\)](#)

Det er for tida ingen statlege føresegner (SPB). Her finn du oppdaterte [nasjonale føringar og planopp-gåve](#).

Regionale føringar

- [Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke](#)
- [Regionalplan for massehåndtering på Jæren](#)

[2018-2040](#)

- [Jordvernstrategi for matfylket Rogaland](#)
- [Regionalplan for folkehelse i Rogaland](#)
- [Regional plan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024](#)
- [Regional plan for inkluderende samfunn 2010-2014](#)
- [Regional kulturplan 2015- 2025](#)
- [Regionalplan sjøareal havbruk](#)
- [Regionalplan for næringsutvikling 2011-2020](#)
- [Regionalplan for landbruk](#)
- [Fylkesdelplan for universell utforming 2014 - 2017](#)
- [Regional plan for vannforvaltning 2016-2021](#)

Her finn du [gjeldande regionale planar og strategiar](#).

Andre føringar

- [Folkehelseprofil for Hå kommune 2021](#)
- [Folkehelseoversikt for Hå kommune 2019-2023](#)
- Kommunenes planlegging og tiltak for en aldrende befolkning (NIBR-rapport 2017:16)
- Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn (Meld. St. 19 (2018-2019))
- Muligheter for alle – Fordeling og sosial bærekraft (Meld. St. 13 (2018-2019))
- Kulturens kraft – Kulturpolitikk for fremtida (Meld. St. 8 (2018- 2019))
- Oppgaver til nye regioner (Meld. St. 6 (2018-2019))
- Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre (Meld. St. 15 (2017-2018))
- Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid (Meld. St. 41 (2016- 2017))
- [Nasjonal transportplan 2022–2033 \(Meld. St. \(2020-2021\)\)](#)



- Perspektivmeldingen 2017 (Meld. St. 2016-2017))
- Berekraftige byar og sterke distrikt (Meld. St. 18 (2016-2017))
- Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet (Meld. St. 10 (2016- 2017))
- Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk (Meld. St. 30 (2015-2016))
- Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver (Meld. St. 22 (2015-2016))
- Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet (Meld. St. 26 (2014-2015))
- Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner (Meld. St. 14 (2014-2015))
- Nytt inntektssystem for kommunene (Stortinget 2016)
- Mestre hele livet – Regjeringens strategi for god psykisk helse (2017 – 2022)
- Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 1 S (2018-2019))
- Samhandlingsreformen – Rett behandling – på rett sted – til rett tid (St. meld. nr. 47 (2008-2009))
- Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (Kulturminnelova)
- Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, bærekraft og mangfold (Meld. St. 16 (2019-2020))
- St.meld. nr. 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste»
- St.meld. nr. 26 2006-2007 «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand»
- Riksrevisjonens undersøkelse av bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge (Dokument nr. 3:11 (2006-2007))
- NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar.
- NVE rettleiar 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar, korleis ta omsyn til vassmengder?
- NVE veileder 2/2019 Kantvegetasjon langs vassdrag.
- Rundskriv H5/18 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Faktaark NVE: Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen.
- Nettsider NVE arealplanlegging

